



Kommunal plan for idrett, friluftsliv og folkehelse Årdal Kommune 2013 – 2016.



Tur til Padlebu på Paradisjuvet, foto Bjørn Indrebø

Innleiing:

Lag og organisasjonar i Årdal legg ned eit svært stort arbeide med å gje born og vaksne tilbod om fysisk aktivitet frå mosjon til aktiv konkurransedrett på høgt nivå. Årdal Kommune verdset dette arbeidet høgt, og er innstilt på å gje desse laga så gode rammevilkår som mogeleg også i framtida. Planen må likevel ta inn over seg den nye situasjonen Årdal er i med ein meir krevjande økonomi enn den vi tradisjonelt har vore van med.

Føringar:

Årdal kommune må tenkje nytt om både korleis vi utviklar anlegga og organiserer tenestene våre. Kommunen vil ikkje lenger vere i stand til å vere ein like aktiv part som tidlegare. Hovudfokuset vil vere retta mot primæroppgåvene innan skule, helse og omsorg, der naudsynte mindre investeringar/oppgraderingar kan kome. På idrettssida ser kommunen føre seg å vurdere forskottering av spelemidlar, reguleringsarbeid, tilrettelegging og "døropnar" inn mot ulike instansar både offentlege og private. Også i dei tilfelle der tilskott og støtte frå fylke eller stat føreset kommunale tilskott vil dette verte vurdert i kvart enkelt tilfelle.

På drifts og vedlikehaldssida er det ei overordna målsetjing at kommunen sine kostnader må ned. Lag og organisasjonar som nyttar kommunale anlegg må i større grad ta driftsoppgåvene sjølve. Kommunen ønskjer ein god dialog med aktuelle organisasjonar. Det er avgjerande for alle at ein finn fram til nye og meir effektive driftsformer. Kommunen har tru på at lag og organisasjonar vil ta aktivt del i dette arbeidet.

Kommunen ønskjer snarast å setje i gang eit prøveprosjekt med meir brukarstyring. Det anlegget som peikar seg ut til eit slikt prosjekt er i første omgang Tangenhallen. Kommunen vil snarast råd gå i dialog med brukarane om sterkare brukarstyring der laga tek på seg klart definerte oppgåver i hallen.

Kommunen ser utfordringane dette vil medføre i laga. Dei må evne dette både økonomisk, organisatorisk og fagleg samstundes som dei skal oppretthalde og utvikle sine basisoppgåver. Dette vil stille større krav til laga der dei både må organisere for primæroppgåvene retta mot idretten og organisere seg inn mot tilrettelegging, organisering og drift av anlegg.

Anleggsutvikling:

Årdal Kommune vil ikkje stå for større utbyggingar i overskueleg framtid. Realisering av dei ulike prosjekta vil såleis i det vesentlege vere avhengig av om lag og organisasjonar klarer å finansiere og bygge anlegga sjølv. Det vil difor vere vanskeleg å setje opp ei ferdig liste når det gjeld prioritering av anlegg. Ein må operere med ei prioriteringsliste mot tippemiddelsøknader for dei anlegga som er bygd eller planlagt og finansiert, og ei marginalliste over anlegg som er meir på ide/utviklingsstadiet. Innarbeiding i planverket må skje politisk etter kvart som anlegga står framfor realisering.

Sentrale føringar: Kva er status? Nokre korte samandrag frå St. meld. 26 (2011-2012)

Fysisk aktivitet i befolkninga

Nordmenn trenar meir no enn før (fig 1). Tre fjerdedeler av befolkninga oppgjev å trene eller mosjonere ein eller fleire gonger i veka. Vi trenar meir, hardare og oftare enn før. Også alderssamansetjinga av dei som trenar er breiare. Mykje av treninga er eigenorganisert trening. Vi ser særleg at treningssentra har styrka sin posisjon.

Barn og ungdom trenar i det vesentlege innanfor idrettslaga, heile 85% er knytt til desse som medlemmer. Samstundes ser ein at den generelle fysiske aktiviteten er negativ. Dei som trenar, trenar meir enn før, men kvardagsaktiviteten har gått vesentleg ned. Dette har først og fremst grunnlag i endra livsstil og vanar med mykje stillesitting.




Fig 1: Endring i kor ofte folk mosjonerer, vaksne over 15 år, i prosent av befolkninga. (Kjelde Norsk Monitor 2009/2010)

Årsaker til redusert deltaking i idrettslag

Ein kan kort dele dette opp i årsaker utanfor idretten, og årsaker innafor.

Utanfor idretten ser vi at det i tenåra er fleire konkurrerende fritidstilbod. Det å vere bunde opp til faste tider og oppgåver kan opplevast som eit hinder for å meistre andre utfordringar som skule, vener og sosial nettverksbygging. I tillegg toppar gutar i 10 klasse den norske lista med 30 timar PC-bruk i veka, og norske gutar toppar lista over PC bruk i Europa (fig 2). Inaktiv ungdom brukar også meir tid framfor PC-en en ungdom som trenar.




Fig 2: Tidsbruk på PC i løpet av ein kvardag (utanom skule og lekser) på vidaregåande skuletrinn. Ulike treningsarenaer. (Kjelde NOVA, 2011)

Saman med meir tidsbruk, "kjedeleg" innhald, auka krav til spesialisering og prestasjonar kan dette føre til at idretten tapar i konkurransen med andre aktivitetar.

Innafor idretten kan auka fokus på konkurranse som følgje av spesialisering vere utfordrande, og kan føre til fråfall blant dei som ikkje ønskjer eller meistarar bestemte ferdigheitsnivå.

Også tilgangen på frivillige leiarar er mindre i ungdomsgruppa enn blant barn. Dette kan ha samanheng med at ungdomane har større trong for lausriving, og ikkje lenger ønskjer sine foreldre som trenarar og leiarar. Også for foreldra er det vanskeleg å tileigne seg naudsynt kompetanse, både idrettsfagleg og sosial ovanfor denne aldersgruppa.

I tillegg har desse ungdomane ofte drive med idrett i 6 til 8 år allereie. Dette kan ha verknad for kor attraktivt det er å halde fram med idrett.

Idretten må utvikle tilbod til ungdom, både innanfor dei tradisjonelle aktivitetane, samt skape alternative tilbod. Ogå NIF har i sitt idrettspolitiske dokument peika på at et er viktig å utvikle varierte tilbod i tråd med ungdomar sine egne føresetnader, ønskje og behov.

Idrett og fysisk aktivitet hjå vaksne

Heile 74% av den vaksne befolkninga oppgjev at dei driv fysisk aktivitet, trening eller mosjon minst ein gong i veka. I 1985 var tilsvarande tal 58%. Dei fleste av desse driv eigenorganisert aktivitet, enten åleine eller saman med familie og vener. 80 prosent av treningsaktiviteten for befolkninga mellom 20 og 85 er eigenorganisert.




Fig 3: Prosentvis utvikling, hyppighet av fysisk aktivitet i form av trening eller mosjon i befolkninga over 15 år. (Kjelde Norsk Monitor 2009/2010)

Typar idrett og aktivitet hjå vaksne

Friluftsliv og eigenorganisert aktivitet er dei viktigaste områda. Deretter følg kommersielle treningssentra og livsstilsaktivitetar. Først på femteplass kjem idrettslag.

Studiar viser at alle aldersgrupper får effekt av trening. Det er mogeleg å vedlikehalde muskelstyrke opp i høg alder ved trening.





Fig 4: Spørsmål: Kva typar av dei ulike fysiske aktivitetane driv du med i fritida minst ein gong i månaden i sesongen? Befolkninga over 15 år i prosent. (Kjelde Norsk Monitor 2009/2010)

Endring i tippemiddelnøkkelen.

Stortinget har vedteke å endre tippemiddelnøkkelen. Tidlegare har 48% av inntektene frå tipping gått til anleggsutvikling; tippemidlar. Denne andelen skal aukast til 64% innan 2015. Dette vil utgjere ein god auke, men i 2012 vart påplussinga kun 2% for budsjettet 2013, noko som vil verte interessant å

følgje framover, då det i så fall må verte store auke i budsjetta 2014 og 2015 dersom målet skal nåast.

Sentrale føringar og konsekvensar.



Figur 5 viser tal innbyggjarar per anlegg for nokre utvalde anleggstypar. Tal innbyggjarar per anlegg kan gje ein indikasjon på befolkninga si tilgang til idrettsanlegg.

Tabellen visar at saman med Sør-Trøndelag er det dei sentrale områda på austlandet; Austfold, Akershus og særleg Oslo som har det trongast i høve befolkninga si tilgang på anlegg. Sentrale styringssignal kan då fort verte at meir pengar vert kanalisert inn i desse områda, medan fylka som i dag har god anleggsdekning pr innbyggjar ikkje får så stor, eller ingen auke som følgje av endringar i tippemiddel nøkkelen. Dette vil i så fall føre til at status quo vert oppretthalde for Sogn og Fjordane der etterslepet på tippemidlar i dag er ca 5 år. Utbyggjar må såleis også i framtida måtte belage seg på å forskottere tippemidlar i inntil 5 år for ordinære anlegg dersom ein set i gang utbygging.

Staten har innført ein rentekompensasjonsordning der lag og organisasjonar kan få rentekompensasjon for midlar som vert lånt til å forskottere tippemidlar.

Det er også innført ein momskompensasjon for anlegg som er starta etter 1 januar 2010, og er avslutta. Potten er no på knappe 64 mill. og storleiken på utbetaling til dei ulike anlegg er avhengig av søknadsmassen.



Klar for tusenmeteren. Foto Bjørn Indrebø

Anleggsutvikling i Årdal kommune i perioden

Kunstgras

Det er kome på plass nytt kunstgras på Jotun stadion i siste periode. Kommunen har fått utbetalt tippemidler i 2013 med kr 830 000.

Tribuneanlegg

ÅFK har kjøpt inn stolar til tribuneanlegget på Jotun stadion. Dette er komen på plass, saman med tak over sitjeplassane. Det er no fram mot 1000 sitjeplassar på tribuna. Samstundes har ÅFK teke over det gamle sekretariatsbygget, og er i ferd med å utvikle dette til klubbhus. Det kan søkast om tippemidler til dette. Bygget er delvis lånefinansiert.

Olsenbana

Dette er eit nytt anlegg, ballbinge, som kom fram i planperioden. Det er FAU på Farnes skule som tok initiativ og sto for utbygginga. IL Jotun og seniorgruppa i laget la ned ein stor dugnadsinnsats for å realisere prosjektet. Kommunen har motteke kr 200 000 i tippemidler som dei forskotterte til anlegget.

Motocross

Det er bygd motocrossbane på Dalsurda. Denne var med i planane i førre periode, og er no realisert.

Bogeskytebane

Denne er ikkje realisert

Jotun Stadion

Det låg føre planar om skifte av kunstdekket på Jotun stadion i førre planperiode. Dette er ikkje realisert.

Årdal aktivitetssenter, Seimsåsen

Ferdigstillt garasje med smørebod. Anlegget ligg inne i Sogn og Fjordane skikrins sin anleggsplan.

Befolkningsutvikling

Trender

Innbyggartalet i Årdal er i nedgang. Ved inngangen til førre planperiode såg det meir optimistisk ut, medan trenden no har snudd. Dette har mellom anna samanheng med kor godt næringsutviklinga i kommunen lykkast, samt den internasjonale krisa. Samstundes ser vi at svært mange søker seg vekk frå kommunen etter avslutta vidaregåande skule. Dette er ein trend som gjeld for heile fylket, med eit lite unntak for Førde-Florø regionen og Stryn. Svært mange av dei som flytter søker seg mot meir sentrale strøk, tek utdanning og får seg arbeid der.

Konsekvensar

Statistikk viser at alderssamansetjinga i kommunen får tyngdepunktet flytta mot eldre. Pensjonistgruppa vil vekse, samstundes som det er nedgang i barnefamiliane. For idretten sin del fører dette mellom anna til at på seniornivå i handball og fotball er det vanskeleg å halda på spelarar frå dei to laga ÅTIL og IL Jotun, samt ÅFK. Når ungdomane er ferdig på vidaregåande flytter dei, og vert då tapt for laga. Også nedover i aldersklassane er det no i ferd med å verte vanskeleg å få nok spelarar, særleg innan fotballen der alderskulla er små.

Økonomiske føresetnader

Tippemidlar

Sogn og Fjordane Fylke får kvart år om lag 21 millionar i tippemidlar til utvikling av anlegg i fylket. Grunnlaget er at utbyggar kan få inntil 1/3 av anleggskostnaden i tilskott. Samstundes har det gått føre seg ei stor anleggsutbygging i heile fylket. Dette har ført til at dei årlege tilskota ikkje har dekkja behovet. Særleg gjeld dette større anlegg. Etterslepet her er no på fire til fem år. Det betyr at kommunen eller utbyggar må forskottere tippemidlar, noko som gjer det endå vanskelegare å

Kommunal plan for idrett, friluftsliv og folkehelse, Årdal Kommune

realisere nye anlegg. Når det gjeld ballbingar og liknande mindre investeringar er utsiktene litt lysare med kortare søknadstid. Midlar til mindre anlegg med kostnadsramme på 80 000 får ein etter svært kort tid: tre til fire veker. Her kan ein få inntil 50% av kostnadene dekkja gjennom tilskott.

Kommunen si økonomiske stilling

Årdal kommune er i ein trong økonomisk situasjon. Store utbyggingar både innan kultur og omsorg, saman med auka trong for driftsmidlar til omsorg har ført til trongare tider. Det vil difor verte vanskelegare for kommunen å stå som utbygger av nye anlegg. Samstundes ser vi at dei eksisterande anlegga etter kvart ber preg av alder og slitasje. Skal anlegga vere tenelege må dei med jamne mellomrom oppgraderast og utviklast. Særleg tydeleg er dette på løpebana på Jotun stadion.

Idrettslaga som anleggsutviklar

Idrettslaga har signalisert trong for anleggsutvikling. Det ser ut som vi no er inne i ein endring i klima med meir regn og kaldare vær på sommartid. Dette har dei siste åra ført til at særleg grasbanene i kommunen, Jotun stadion og Tangen Stadion, har vore mykje stengt. Ingen har kunna nytta banene då dei har vore meir myr enn fotballbane. Idrettslaga ønskjer å legge kunstgras på begge anlegga.

Samstundes har fylket Jotun stadion som eitt av tre fullverdige friidrettsanlegg saman med Flora, Førde og Breim. Kunstgras set stopp for å nytte stadion til kastøvingar som slegge og kule.

Departementet har også signalisert at det kan vere aktuelt å trekke attende tidlegare utbetalte tippemidlar til Jotun stadion dersom den ikkje vert eit fullverdig stadion.

Kommunen si oppgåve i høve idrettsutvikling i Årdal. Ansvar og avgrensingar.

Kommunen har hatt ei tydeleg hand med innan utvikling av tilbod i Årdal. Med den økonomiske situasjonen må kommunen vurdere sitt engasjement. Dette går særleg på utvikling av nye tilbod. Skal kommunen vere aktiv når det gjeld aktivitetsutvikling, og som følge av det anleggsutvikling? Eller bør ein i enno sterkare grad overlata aktivitets- og anleggsutvikling til idrettslaga der kommunen er meir tilretteleggar enn aktør? Variasjonane mellom laga har vore store. Nokre lag nyttar berre anlegg bygd og utvikla av kommunen, medan andre i det vesentlege både har bygd og drifta anlegga sjølve. Vi ser kringom i landet at det i mykje større grad er laga sjølve som står både for utbygging og drift.

3dje sektor sin medverknad til drift.

Også Årdal kommune slit med å drifte anlegga. Med store krav om innsparingar i høve dagens driftsnivå bør kommunen vurdere nye driftsformer. Ein aktuell måte er å overlata dagleg drift av hallane, tilsyn og vaktvakt til idrettslaga. Ein vil då gå over til meir brukarstyring av idrettshallane og anlegga. Samstundes kan ein då inngå rammeavtalar med idrettslaga om kva funksjonar dei skal ha, og dekke kostnad ved dette. Det bør i perioden setjast i gang eit prøveprosjekt ved eit av anlegga; ein stadion eller ein hall for å hauste erfaring om arbeids- og oppgåvefordeling.



Knøttetturnering på Jotun Stadion, foto Bjørn Indrebø

Status anlegg:

Tangenhallen

Tangenhallen er ei fleirbrukshall. I det vesentlege vert den nytta av ÅTIL, og med hovudaktivitet handball. I tillegg driv ÅTIL med turntrening, fotball og barneidrett i hallen. Det er også noko aktivitet av bedriftsidrett. Hallen er i god stand. Det har ikkje vorte gjennomført større renoveringar i hallen sidan den vart bygd. ÅTIL har vurdert utbygging av klubblokale i samband med hallen. Først er det ikkje teke konkrete steg for å starte noko byggearbeid.

ÅTIL melder attende at golvtypen aukar faren for både spontan- og langtidsskadar.

Årdalshallen

Hallen har både fleirbrukshall og symjehall, samt styrkerom.

- Fleirbrukshallen er slik den var opphavleg bygd. Det er dei seinare åra ikkje føreteke vesentlege oppgraderingar av sjølve hallen. I samband med ekstraordinært tilskot frå staten vart det i 2008 bygd nytt luftreinseanlegg. Dette er oppdatert, og fungerer godt. Det har vorte skifta dører og låssystem i hallen. Det er no elektronisk låssystem, og ein har difor i stor grad eliminert problemet med mange nøklar på avvege.

Kommunal plan for idrett, friluftsliv og folkehelse, Årdal Kommune

- Symjehallen vart i planperioden 2003 til 2007 oppgradert med endringar i både luftanlegg og i bygg-delen. Den framstår i dag som ein godt fungerande symjehall.
- Styrkerommet vert drifta av styrkeløftgruppa i IL Jotun. Utstyret vert jamleg fornya, medan det har vore lite utført ut over måling av tak og vegger i sjølve rommet.

Sjølve hallen er svært mykje i bruk. Skulane; Farnes skule samt Årdal Vidaregåande skule, nyttar i snitt hallen 18 skuletimar i veka. Frå kl 1530 til 2230 er hallen nytta av idrettslaga til trening for sine grupper. Dette gjeld måndag til fredag. Laurdag og søndag er det oftast kampar i hallen. I tillegg har interessa auka for å leige hallen søndag kveld frå grupper som elles ikkje har treningstid tilgjengeleg. Også tida 0700 til 0800 på morgonen før skuletid har vore nytta til trening.

Symjehallen vert nytta av skulane om lag 20 skuletimar i veka. LHL/pensjonistlaget leiger hallen ein time på tysdag, og symjegruppa i ÅTIL har faste treningstider. I tillegg er symjehallen open for publikum 19 timar i veka. Publikumsaktiviteten er om lag 5-6000 i året.

Styrkerommet vert nytta til aktivitetar for styrkeløftgruppa i IL Jotun. Men også skulane og idrettslaget nyttar dette til supplerande trening. I tillegg har NAV eit tilbod til dei som ønskjer det tysdag og fredag på føremiddagen.

Tangen stadion

Anlegget omfattar kunstgrasbane 40 x 60 meter, samt grasbane 105 x 64 meter. I tillegg ligg det i samband med aktivitetsområdet til Tangen skule. Anlegget er mykje nytta, særleg då kunstgrasbana. I tillegg spelar og trener ÅFK 2 på grasbana.

Sjølve grasbana er god, men var i 2010 og 2011 stengt mykje av sesongen. Bana var i utgangspunktet svært våt etter vinteren, samt at underlaget er tett saman med med mykje nedbør vart bana svært seint klar for spel i vårsesongen, og måtte stengast svært tidleg på hausten. Dette førte til eit stort trykk på kunstgrasbana i Øvre Årdal, då den var den einaste bana som kunne nyttast.

Kunstgrasbana er i god stand, og er fullt oppteken i sommarhalvåret. Både trening og kampar vert avvikla her.

I tillegg er det laga sandvolleyballbane i anlegget. Denne har vore mykje nytta, men kan trenge ei viss rehabilitering. Det er også ynskje om å utvide denne for å nytta den til beach-handball.

Speakerbu er derimot i dårleg forfatning dette bør vurderast inn i planen for ein viss rehabilitering. Elles kal dette sjåast i samband med ÅTIL sine førebels planar for utvikling av Tangenhallen. Andre vurderingar som er inne i bilete er ny speakerbu, samt kiosk for bruk under arrangement.

Jotun stadion

Anlegget omfattar fleire delar, som saman utgjer eit heile.

- Grasbana er av full storleik 104 x 62 meter. Den er plaga av overflatevatn, og var til liks med grasbana på Tangen stengt store deler av sesongane 2010 og 2011. Første kampen i 2011 gjekk 6 juni, og siste gjekk om lag 20 august. Totalt vart det vel spelt 4 kampar på grasbana denne sesongen.

Kommunal plan for idrett, friluftsliv og folkehelse, Årdal Kommune

- Tribuneanlegga er under oppbygging. Det er no bygd tak over heile tribuna på sørsida av bana. I tillegg er det montert sitjeplassar for nesten 1000 tilskodarar. Ut over dette er Årdal FK i ferd med å setje opp klubbhus tilknytt tribuneanlegget.
- I Fylkesdelplan for Sogn og Fjordane 2010 – 2013 står følgjande: *Arbeide for at anlegga i Florø, Førde, Byrkjelo og Øvre Årdal, med rundbane(400 m) for friidrett med kunststoffdekke og naturgras, vert som i dag for å behalde funksjonen som fullverdig konkurranseanlegg for friidrett. Desse anlegga har ved mange høve vore arena for større nasjonale og internasjonale arrangement i friidrett. Det er viktig at desse anlegga vert prioriterte med midlar til vedlikehald og utvikling slik at ein held oppe statusen for anlegga.*
- Løpebana/friidrettsområdet på stadion er mykje slitt. Det låg inne i den førre Idretts- og anleggsplanen, men vart ikkje realisert. Slik anlegget er i dag vil det ikkje bli godkjend til noko form for stemne ut over lokal idrett. Det er eitt av tre anlegg som er ein del av fylket sin plan for fullverdige friidrettsanlegg. Utan omfattande rehabilitering vil bana falle ut ved neste korsveg som er Idretts- og anleggsplan for Sogn og Fjordane. Det er vedtek oppstart på dette planarbeidet for komande periode. Samstundes ser vi at aktiviteten innan friidrett i Årdal er på frammarsj.
- Kunstgrasbana fekk nytt dekke i 2008. Det var då så dårleg, samt at det hadde oppnådd tiltenkt alder, at det var eit viktig tiltak å få nytt dekke. Slik bana er i dag, er den svært god, og er mykje nytta. Vi ser at kapasiteten er sprengt, og særleg i 2010 og 2011 vart mange treningar avlyst då det måtte avviklast kampar på anlegget i staden.

Treningsanlegg, fotball, Utladalen

Dette er opparbeida og drive av Årdal FK. Dei nyttar det til ein viss grad, men ikkje særleg mykje.

Treningsanlegg, fotball, Seimsdalen

Før kunstgraset kom på Tangen var dette anlegget mykje nytta. No er det i mindre grad i bruk. Anlegget ligg fint til i nær tilknytning til anlegget tilhøyrande Tangen Køyre- og rideklubb (Seimsdalen ridesenter). Det er utarbeida avtale mellom ÅTIL, TKRK og kommunen om disponering av anlegget. Føremålet er å dele anlegget slik at det kan opparbeidast ei 7ar bane, fotball med naturgras, samt ein ny paddock for TKRK. ÅTIL er førebels avventande for å vurdere anlegget opp mot eventuell kunstgrasbane i tilknytning til Tangen stadion.

Driving Range, Utladalen

Denne er oppbygd og drifta av Lærdal Golfklubb. Den inneheld driving range (standplass for utslag av golfballar) og skal også få green for trening på putt. Anlegget vart noko øydelagt i stormen vinteren 2011, men klubben har sett i verk tiltak for å få det på fote att. Anlegget ligg i nær tilknytning til campingplassen i Utladalen.

Årdal aktivitetssenter, Seimsåsen

Dette er eit anlegg som ligg fint til. Det har gode fasilitetar, samt gode snøforhold. I tillegg er det også utgangspunkt for turar i terrenget ut over Seimsåsen på sommartid. Anlegget inneheld lagshytte, skiløyper av varierende lengde, skileikeplass for born og hytte på Paradisjuvet. Det har vore arrangert fleire regionmeisterskap, og er mykje nytta i sesongen både til trening og til uorganiserte aktivitetar

av enkeltpersonar. ÅTIL driv anlegget, og har planar om utviding av anlegget med eit mindre skitrekk og løyper for alpine idrettar.

Fardalen skisenter

Anlegget vert drifta av IL Jotun. Det er i bruk i sesongen, og er nytta av IL Jotun til skitrening for sine utøvarar. Anlegget har lagshytte, skiløyper av ulik lengde, skileikeplass, akebakke med skitrekk, garasje for utstyr, tidtakarhytte og grillbu. Det er også utgangspunkt for fleire oppkøyrde/merka løyper i fjellheimen. Anlegget har naudsynte løyve, forsikringar og sertifisert personell for drift og vedlikehald av skitau. Dette er godkjend av DNV/taubanetilsynet. Anlegget har noko dårleg løypeprofil i høve konkurranseaktivitet.

IL Jotun har til hensikt å vidareutvikla anlegget med hovudvekt på trening og skileik.

Friluftsbadet Tangen

Anlegget har basseng på 25 x 12,5 meter, i tillegg er det to plaskebasseng. Det er eitt stupetårn på anlegget. Anlegget var bygd på 1950 talet og rehabilitert på 2000 talet. Det er velferdsanlegg på anlegget. Dette var bygd på byrjinga av 1990 talet, og er tilfredsstillande. Anlegget er i K-styresak 117/12 desember 2012 vedteke stengt.

Friluftsbadet Øvre Årdal

Anlegget har basseng på 50 x 25 meter, i tillegg til to plaskebasseng. Bassenget har internasjonale mål, og er godkjent for nasjonale stevner. Anlegget har tilfredsstillende velferdsanlegg, samt vakttårn med handikoptolett i første etasje. Sentralt på anlegget er to sklier.

Seimsdalen Ridesenter

Anlegget vert drive av Tangen Køyre- og rideklubb. Det inneheld ridehall, stallar, paddocar og velferdsbygg. Det vart utvida med fleire stallplassar i 2007, og det har vore søkt om tippemidlar til dette sidan utan å kome inn på prioriteringslista. Senteret har trong for fleire paddocar til hestane.

Svalheim gard

Anlegget er i privat eige.

Skytebana, Mjøen

Anlegget har elektroniske skiver; 10 stk på 100 meter og 10 stk på 200 meter. I tillegg har laget klubbhus. Dei har planar for toalett og vatn til anlegget. Dette vil i så fall vere i samarbeid med Årdal pistolklubb som også nyttar anlegget.

Skytebana , Loi

Anlegget har 100 meter standplass med 8 elektroniske skiver og 200 meter standplass med 12 elektroniske skiver. Anlegget inneheld i tillegg klubbhus. Dette er relativt nytt. Det ligg ikkje føre planar om vidare opprusting.

Tilfluktsrom, Vassbugen

Knipenborg skyttarlag nyttar denne til vintertrening med kaliber .22. Det er opparbeida skytebane for 6 skiver i lokala. Desse er elektroniske. Det er ikkje gjort vesentleg opprustingar på anlegget. Det ligg ikkje føre planar for vidare opprusting.

Røti pistolklubb

Pistolklubben har tilhald i Røti og i Mjøen. Dei driv luftgevær og finpistolsskyting i Røti. Klubblokala der er nyoppussa. Dei disponerer 6 elektroniske skiver for luftpistol og 6 elektronisk skiver for kaliber .22LR. Dei har også klubblokale i Mjøen, samt utandørs anlegg for baneskyting i alle kaliber. I tillegg driv ein feltskyting der.

Tangen Skule

Skulen har gymnastikksal og symjebasseng.

- Gymnastikksal. Vanleg storleik. Vert mykje nytta på kveldstid, både av ÅTIL og av bedriftsidretten. Det har ikkje vore gjort vesentleg oppussing dei seinare åra.
- Symjebasseng 12,5 x 8 meter. Bassenget er i bruk på dagtid av skulen, og på kveldstid både av ÅTIL og av andre grupper. Bassenget er populært, då det har godt oppvarma vatn, opp til 34 grader.

Farnes skule

Skulen har gymnastikksal av vanleg storleik. Salen vert nytta av skulen på dagtid, og av både IL Jotun og av andre grupper på kveldstid. Det har ikkje vore gjort vesentleg oppussing dei seinare åra.

UNI hallen

Hallen vert nytta til turnaktivitetar på vinterstid. Lokala er lite eigna for full utnytting då det er lågt under taket. Ein ordinær turnhall skal ha minimum 7 meter takhøgde for å få rom for m.a. skranke, ringar og svingstong. Kulturskulen nyttar også hallen til danseøving. Det er ikkje gjort vesentleg oppussing dei seinare åra.

Motocross, Dalsurdi

Anlegget er i bruk. Det ligg ikkje føre nokre konkrete overordna planar for utvikling, men det er stadig trong for midlar til vedlikehald og opprusting.

Løkker og ballbingar

Dette området er greitt handsama i **Hovudplan utedrift**. Nokre av dei sentrale løkkene bør likevel omtalast i denne planen då det vil kunne danne grunnlag for tippemiddelsøknader:

- Olsenbana. Nybygd ballbinge i tilknytning til Farnes skule. Bana er svært attraktiv og mykje brukt.
- Farnes skule ved ungdomssteget. Ballbinge der det vart skifta gras i samband med rehabilitering av kunstgrasbana på Jotun stadion. Deler av det gamle kunstgraset vart då flytt til dette anlegget. Anlegget vert mykje nytta.

Kommunal plan for idrett, friluftsliv og folkehelse, Årdal Kommune

- Grandane. Her ligg eit areal som har vore inn og ut av planane til IL Jotun. Førebels ligg det på is, men det er rom for bygging av ei 7ar bane på tomta.
- Markavegen, Årdalstangen. Her ligg ei grusløkke som kan opparbeidast med ballbinge. Førebels er det ingen konkrete planar for anlegget.
- Kringlevegen, Årdalstangen. Også her er rom for ei balløkke. Det er førebels ingen konkrete planar for anlegget.
- Friareal i Naddvik. Anlegg under planlegging. Meininga er å setje opp ein ballbinge sentralt på frianlegget. Førebels er anlegget ikkje komen i gang pga manglande finansiering.
- I Utladalen er det fleire løkker/ballingar som kan vere aktuelle utbyggingsprosjekt.



Årdal Gålag på Øygardseter, Rondane, i 2008. Foto Svein Fretland

Andre aktørar:

- **Golds Gym.** Dette er eit privat tiltak med treningsstudio, men er ein del av heilskapen innan idrettsanlegg i Årdal. Anlegget er fint plassert i tilknytning til Jotun stadion, og er eit godt supplement til dei andre anlegga. Bedrifta har ein god kundeportofølgje, og har klart å få mange til å auke sin fysiske aktivitet.
- **Tur- og mosjonsløyper:** Sommartrimmen har lagt til rette for mange korte og litt lenger turar i nærmiljøet i Årdal. Det er 9 postar rundt Øvre Årdal, og 9 postar rundt Årdalstangen med ulik avstand og tyngde som er plassert ut. Brukarane kjøper klyppekort og signerer i utlagde bøker. I 2012 hadde desse trimpostane om lag 68000 besøkande. Tiltaket er tydeleg svært populært, og vert nytta av mange. Under same paraplyen er også Årdal Gålag som arrangerer lengre turar både i fjella rundt Årdal samt turar lengre vekk. På vinteren driv dei tiltaket Årdal Mosjonsskule. Primus motor for alle tiltaka er Svein Fretland. Dei er medlem i DNT.
- **Årdal Turlag:** Laget er medlem i DNT. På eige basis driv dei eit sel i Gravdalen. I tillegg har turlaget sett opp 20 postar i fjellet, Topptrimmen, som krev noko meir av dei som ønskjer å nytta tilbodet.

Folkehelsearbeid

Folkehelsearbeidet i Årdal

Folkehelsearbeidet i Årdal er kommunen si samla innsats for å styrke faktorar som aukar livskvaliteten, fremjar helse, hindrar sjukdom, og reduserer skader og ulukker. Folkehelsearbeidet skal òg bidra til jamnare sosial fordeling av faktorar som har innverknad på helsa, samt legge til rette for trygge og gode levekår for born og ungdom. Kommunen skal i sitt arbeid med å redusere skader og ulukker, hente inn kunnskap om årsaker, kvar, og kvifor skader og ulukker skjer, for så å kunne sette inn tiltak. For å lukkast må folkehelsearbeidet vere sektorovergripande. Dette vert no tydeleg presisert i nytt lovverk. Tett samarbeide med lag og organisasjonar er svært viktig i dette arbeidet.

Folkehelsearbeidet i Årdal har til no i hovudsak handla om skade, ulukke, og kriminalitetsførebyggande arbeide.

På dette området har ein jobba godt, og kommunen vart allereie i år 2000 utnemnt til Trygt Lokalsamfunn, og vart regodkjend i 2010. Årdal var den 54 kommunen i verda med slik status. Årdal vart òg SLT kommune i år 2000, (Samordna Lokale kriminalførebyggande Tiltak), og politiet har vore med i dette arbeidet frå dag ein. Statlege løyvingar til dette arbeidet er no avslutta, og kommunen må vurdere om dette skal halde fram som eit lokalt tiltak.

Folkehelsearbeidet i Årdal kommune er, grunna nytt lovverk, no i endring.

Ny folkehelselov, samhandlingsreforma, og ny plan og bygningslov set nye krav til folkehelsearbeidet. Arbeidet vil verte følgt opp med tilsyn.

Grupperetta lågterskelaktivitetar i Årdal

Førebyggande arbeide er alltid vanskeleg å få auge på, og særleg helseeffektane av dette, men dei er der.

Ei rask kartlegging syner, at mykje godt folkehelsearbeid er i gang i Årdal. Det er snakk om ei rekke grupperetta lågterskeltilbod. Desse er i hovudsak drifta av veldrivne lag og organisasjonar.

Årdal Turlag/Mosjonsskolen, som feira 20 års jubileum i 2011, er ein svært viktig folkehelseinstitusjon i Årdal. Organisert innetrening vinterstid og eigenorganisert posttrim sommartid. Her har eldsjeler lagra alle data frå start, og ein ser ei fantastisk utvikling. Tal underskrifter i bøkene på dei ulike postane har på eit år vore over 68.000. Årdal Gålag, og Barnas Turlag er flotte avleggarar frå dette arbeidet.

NAV har i samarbeide med IL Jotun/ styrkeløftgruppa, sett i gang eit dagtilbod med fysisk aktivitet for personar som av ulike årsaker treng dette. Ernæringsretteleing, kombinert med sunne måltider er ein del av tilbodet. Her er og nye landsmenn deltakarar.

LHL Årdal, og Årdal reumatikarlag har i ei årrekkje drive symjetrening for sine medleamar. Eldresenteret har tilbod om seniordans, seniorgymnastikk og lungetrim i seniorkoret.

Rullatorkonkurranse på ÅBO har blitt ein populær aktivitet, og seier alt om aldersspennet i aktivitetane.

Eit nett av sykkel- og gangvegar er på plass, samt ballbingar, aktivitetspark, leikeplassar mm.

Slike tiltak kan ein no, i større grad enn tidlegare, seie er lovpålagt, og det skal og takast omsyn til i alt planarbeid, særleg i arealdelen i plan og bygningslovas.

Det vert arbeida med at Årdal skal opprette Frisklivsentral i nær framtid, slik helsedepartementet anbefaler. Dette går i korte trekk ut på at ein, etter ein motivasjonssamtale, tilviser til organisert fysisk aktivitet, og at pasienten vert følgd opp av helsefagleg utdanna personell i det ein kallar reseptperioden. Sentralen vil etablere samarbeide med lag og organisasjonar, og skal leiast av helsefagleg personell.



Sømjing. (III)